
Fra: Juvik Hauge <juvikhaug@gmail.com>
Sendt: 15. desember 2016 15:09
Til: Siril Therese Sylta
Emne: Fwd: Spørsmål om saksgang

Lindås kommune
Siril Sylta

Oversender mail mottatt fra Dyrkolbotn Leirskole

Kan dere arkivere den på saken.

Mvh

Ståle Hauge

----- Videresendt melding -----

Fra: "Dyrkolbotn Leirskole Fjellstove" <post@dyrkolbotn.com>

Dato: 15. des. 2016 12:14

Emne: Spørsmål om saksgang

Til: <juvikhaug@gmail.com>

Kopi:

Hei

Ingen sakshandsamarar er tilgjengelege i dag for å svare på om PMU hadde til handsaming byggesaka frå Dyrkolbotn i går, eventuelt om saka vart drøfta. Difor spør eg deg om saka var oppe?

Eg arbeider med ein større klage på trenering i heile saka. Eg vart sint avdi klagesaka no ser ut å vere utsett like til februar. 8 veker over fristen kunne lett vore unngått. Ytterlegare diskusjonar mellom partane kunne skjedd under fylkesmannen si handsaming av klagen.

Det er elles spørsmålet om å gjere avvisningsvedtak for klagen som no burde ha oppteke administrasjonen mest, pga manglande eigedomsrett.

Bemerk at spørsmålet om byggegrenser langs kommunevegen er ei eiga sak som ikkje skal blandast inn i klagesaka. (Administrasjonen tek forøvrig feil igjen. Kommunestyret sin bestemmelse nr 2.59 til kommuneplanen sin arealdel viser til § 11-9 nr 5 i Pbl om endra byggegrense for akkurat berre den vesle firkanten for kloakkreinseanlegg.)

Men eg ynskjer ikkje å vere urettvis, så dersom politikarane har klart å skjere gjennom administrasjonen sin inkompetanse og fekk handsama klagesaka i går, så vil eg gjerne vite det og ta det med til honnør i klagen. Eventuelt avvente å klage.

Venleg helsing

Signhild Dyrkolbotn
Dyrkolbotn Fjellstove,
Leirskole og gjestehus
Telefon 90 68 01 00